

NotatDato: 10.10.2017
Arkivsak: 2014/22289-31
Saksbehandlar: gunradd

Til: Per Nordmark

Frå: Gunhild Raddum

Reguleringsplan for bru over Masfjorden på høyring**Prioritering av prosjektet**

Reguleringsplanen omhandlar strekninga Sandnes – Skarvetangen på Duesundøyna og er ca 1,5 km lang, inkludert bru over Masfjorden. Fylkeskommunen har tidlegare i planprosessen vore tydeleg på at bru over Masfjorden ikkje er ein del av det overordna fylkesvegnettet og prosjektet ikkje er prioritert i Regional Transportplan (RTP). Gjeldande RTP (2018 – 2029) viser tydeleg at ressursbehovet til drift, vedlikehald og investering på fylkesvegnettet gir lite handlingsrom. Vegvedlikehald er ressurskrevjande og difor er det eit viktig prinsipp at utbetringar av eksisterande vegnett skal prioriterast framfor nye vegprosjekt.

Det er vanskeleg å finne samfunnsøkonomisk grunngjeving for at prosjektet skal prioriterast. Investering i ferjefri tilkomst vil ikkje gi vesentleg nytte utover å betre tilbodet for dei fastbuande i Masfjorden, mens fylkeskommunen må vurdere dei einskilde samferdselsprosjekt i eit kost/nytte perspektiv som er av regional betydning.

Trafikktryggleik

I konsekvensutgreiinga er det estimert ein ÅDT på 960 ved opning av brua, og ein ÅDT på 1200 i 2043. Dette er ein dobling av dagens ÅDT (Duesund -200 ÅDT og Masfjorden – 350 ÅDT). Dei eksisterande tilkomstvegane vil ikkje vere rusta for ei større auke i ÅDT utan større utbetringar. Fv 570 har fleire parti ved smale veg og dårleg sikt. Som vegeigar har fylkeskommunen ansvar for trafikktryggleik for alle trafikantgrupper og ein trafikkauke her vil medføre store utfordringar. Det er som kjent eit stort etterslep i vedlikehaldet av fylkesvegnettet i Hordaland, og den økonomisk situasjonen medfører strenge prioriteringar der nytteverdien av vegtiltak skal veie tungt. Tilstrekkeleg utbetring av fv 570 ved auke i ÅDT vil difor være svært uvis.

